



## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 15.02.2016

**Frå:** Fylkesdirektør for opplæring

**Til:** Hovudutval for opplæring

### Rapport frå styringsdialogen med dei vidaregåande skulane 2015

Styringsdialogen mellom fylkesdirektøren og skulane vart gjennomført i november 2015. Dialogen er ein del av kvalitetssystemet og gir meirverdi og forståing for utfordringar og suksessfaktorar gjennom møte med elevar, tilsette og leiing.

Tema for styringsdialogen er forankra i nasjonale og fylkeskommunale føringar. Mål- og strategiar for vidaregåande opplæring, «God, betre, best», og tilhøyrande handlingsprogram dannar grunnlag for dei årlege satsingane i opplæringssektoren som i år var

- gjennomføring
- trivsel
- meistring
- karakterutvikling

Skulane hadde sjølv ansvaret for å utarbeide grunnlagsmateriale og statistikk til møtet. Med bakgrunn i tilgjengelege data vart det i år retta særskilt merksemd på skulen sine eigne vurderingar på desse områda

- Korleis skulen arbeider for å nå måla som er sett i målekartet for sektoren?
- Kva er skulen sine største utfordringar som må løysast for å nå måla?
- Korleis brukar skulen tilgjengeleg data til å meisle ut strategiar og tiltak (utviklingsplanen) for å løyse desse utfordringane?
- Korleis nyttar skulen arbeidslivskontaktressursen i arbeidet med å formidle elevar til bedrift?
- Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. opplæringslova. § 11a-5.

I tillegg vart elevråda ved skulane inviterte til å sende inn tema dei ønska å ta opp med fylkesdirektøren.

### Konklusjon

Dei siste åra har innhaldet i styringsdialogen vore «spissa» med tydlegare mål og færre tema. Skulane viser at dei arbeider godt med gjennomføring, trivsel, meistring og karakterutvikling som var tema for styringsdialogen i 2015. Skulane er komne ulikt langt, og det vidare arbeidet med oppfølging av planar og rutinar må følgjast tett opp. Det er fylkesdirektøren si vurdering at å halde fast ved færre mål og satsingar over tid gir skulane mulegheit til å sikre ein praksis som er i tråd med



målformuleringane. Det er eit behov for å vere «tett på» i alle ledd frå politisk leiing til eleven i klasserom og verkstad. Opplæringssektoren har gode styringsdokument med definerte mål og gjennomføringsstrategiar. Likevel er det naudsynt å vurdere omfanget av tiltak og satsingsområde, for i større grad å kunne klare å følgje opp og sjå resultat av satsingane.

Alle skulane rapporterer at dei har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal.

Elevane viste eit stort engasjement og tok opp tema som gav gode diskusjonar. Fylkesdirektøren merkar seg at dialogen mellom skuleleiing, lærar og elevar er avgjerande for trivsel og utvikling av eit godt læringsmiljø. Gjennom ein slik dialog og gode rutinar for oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet sikrar skulen elevane sine rettar. Elevane er opptekne av helse- og miljøfremjande tiltak. Miljøkoordinatoren har ei viktig rolle i dette arbeidet.

Både skuleleiarar, tillitsvalde og elevar gav tilbakemelding om at skulebesøka vart gjennomført på ein god måte. Elevane gav tydeleg uttrykk for at dei syntes det var meiningsfullt å møte skuleeigar på denne måten.